

Rapport frå ECWSmøtet 2010



Årets ECWSmøte var arrangert av AIB på Ramada Hotel i Antwerpen, Belgia, den 23 april 2010

Tilstades:

- for Associazione Italiana Acquerellisti (AIA; Italy) : Giovanni Carabelli (president) og Fernando Cavalieri (liaison officer)
- for Aquarelinstituut van België (AIB; Belgium) : Bruni Mortier (president) og Piet Van Leuven (ECWS coordinator)
- for Nordiska Akvarellsällskap (NAS; Danmark, Island, Finland, Noreg, Sverige) : Torild Inger Børretzen (liaison officer)
- for Agrupaciòn de Acuarelistas de Aragón (AADA; Spania) : Sara Fontecha Arangubía
- for Agrupaciòn de Acuarelistas Vascos (AAV;Spania) : Julio Gomez Mena (president)
- for Agrupaciòn Española de Acuarelistas (AEDA; Spania) : Chus Bella (liaison officer)

- for Agrupacio d'Acuarelistes de Catalunya (AAC; Spain) : ingen
- for the Agrupaciòn de Acuarelistas de Andalucia (AAA; Spain) : ingen
- for Finnish Watercolour Society (FWS; Finland) : ingen
- for the Grupo de Acuarelistas de Baleares (GAB; Spania) : ingen
- for the Soci t  Franaise de l'Aquarelle (SFA; France) : Mich le Reynier (liaison officer)

Pga. Askeskya og flyproblem var det mange som ikkje kunne koma til styrem tet, ei heller til symposiumet

Bruni Mortier, president av AIB,  nsker velkommen



Piet Van Leuven (PVL), ECWS-coordinator ledar m tet





2. Informasjon oppdateres

Adresselister oppdateres. Nye E.mail adresser bes sendt til Piet snarest.

3. 2009 Retrospekt

Utstillinga i Segovia (Spania) i Juni 2009 blir evaluert som svært god. Dei utanlandske deltakerane klaga over at dei fekk lite opplysningar frå vandreutstillinga som gjekk rundt til andre byar i Spania. Der er også mange klager på kostnad på retursending av kunstverk. Eit anna ECWS arrangement var i Bellagio (Italia) organisert av AIA. Her var ein nøgd med det meste, men vil ikkje i framtida dela opp utstillinga i mange lokaler.

4. Transport av malerier: problem med høge utgifter

I dei fleste tilfelle har me ikkje oversikt over kor mykje returkostnader vil bli frå eit anna land. Dette har blitt til ein del sjokk over kostnadene kunstnarane må bera. For å bøta på dette vil styret laga fylgjande prosedyre:

- Berre eit ex av katalogen pr kunstnar
- Katalog og kunstverk skal sendast separat
- Og med ordinær post

- Alt skal samla sendes til eit land
- Kostnadene bør bli opplyst på forhand og inkludert utstillingsavgiften

For NAS bør det vera ei adresse i kvart land for å motta samla kunstverk.

(Dette er noko me i NAS ikkje kan godta, pga tollpapirer og ekstra kostnad med videresending i våre langstrakte land. Me prøver å få gjennomslag for å få retur seperat.)

5.Framtidige planer

Desse planene er klare:

2011 : Utstilling og Symposium "HARBOUR AND THE SEA" i Turku (Finland) organisert av FWS, frå torsdag 30. juni til søndag 3. juli. Museumskipet "SUOMEN JOUTSEN", Sea Center , Forum Marinum, Linnankatu 72, 20100 Turku, tel.(02)282 9511, www.forum -marinum.fi (opningstid: dagleg 11-19).

2012 : AIA Italia, ser på muligheita for utstilling i enten Genova eller i Maccagno. I Genova vil dei gjerne bruka "Sea Museum" (Rienzo Piano). I så fall vil dei ha eit tema med hav og sjø.

2013 : Utstilling og Symposium på Løten (Noreg) organisert av NAS. ECWS utstilling i sambande med "Nordisk Akvarell" i august eller september. Symposium med workshops og seminarer ei veke i Løten

2013 : Utstilling og Symposium i Marseille (Frankrike) Organisert av SFA. SFA har bedt om ein ECWS utstilling i Marseille (Frankrike), " A la Rencontre de l'Eau", i May 2013, inklusiv eit 4-dagars symposium. I løpet av 2010 vil dei vita om dette vil bli aktuelt. Om ikkje dette vil gå har dei også eit alternativ: Charenton-le-Pont nær Paris

6. Kommunikasjon

Spania bør ha ein leidar og ein kontaktperson

Dette viser seg å vera svært vanskeleg. Dei vil ikkje bli einige om denne ledaren. Men dei får presantert ynsket på kvart møte.

7. Statutter

Medlemsland som ikkje stiller med kontakter som (liaison, e-mail addresses,...) eller ikkje viser noko intresse av organisasjonen bør ein kvitta seg med.

8. Koordinasjons Komite

Styret har bestemt å laga ein egen komite som skal hjelpa med idear og rådgiving i forskjellige situasjonar. Hovedsakelig for å forbereda det årlege styremøtet med kontakt via E.post. Foreslått til denne kommiteen er : Mrs.Bruni Mortier (president av AIB), Cristina Bracaloni (Liaison officer, AIA), Mr. Andrés Mateo (liaison officer, AAV), Mr. Trond Einar Solberg Indsetviken (president av NAS) og Mrs. Michèle Reynier (liaison officer SFA).

9. Varia

Det kom forslag om at dei som skal på ECWS møtet skal sleppe å betala deira omkostningar til Symposiet. Nei; kostnader bør bli dekkja av deira egne organisasjonar.

Magasinet frå kvar organisasjon skulleinnhalde ein bulletin på Engelsk med det som kan vera interessant for heile ECWS

Kostnader I forbindelse med ECWS utstillingane er høge og bor kuttast om det er mulig.

Erfaringar frå ei utstilling: Praktisk og økonomisk, bør noterast og videreførast til dei som kjem etter

Torild Inger Børretzen, Liaison Ofiser for NAS